

UU 05/19 Møteplan for utdanningsutvalet 2018 - 2019

Saksnr: 15/01302-70 Saksansvarleg: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*
Møtedag: 07.02.2018 Informasjonsansvarleg: Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

Bakgrunn

Møteplanane for utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet har sidan 2014 vore samkøyrde for å gjera planleggjinga av arbeidet mellom dei to utvala lettare. Dette har også vore gjort for å styrkja utdanningsutvalet sitt strategiske arbeid i spørsmål knytt til utvikling av utdanningskvalitet koordinert med andre sentrale utval og styret ved UiS. Samarbeid mellom utvala har vist seg å vera lettare å få til når UU og LU sine møteplanar korresponderar godt med kvarandre og med styret sin møteplan.

Utdanningsdirektøren har utarbeidd framlegget til møteplanen for 2019-2020 i tråd med utvala sine vedtekne årshjul under omsyn til fylgjande:

- Skissa til førebels styreplan for 2019/2020 (grunna skifte av styreform vert ikkje styret sin endelege møteplan fastsett før på første styremøtet hausten 2019)
- Rapporteringsfristar frå eigar/departement og universitetet sitt regelverk
- Unngå dagar rett før og rett etter rørlige heilagdagar
- Unngå veke 33/2019 (ynskt av StOr)
- Unngå [grunnskulen sine haust- og vinterferiar 2019/2020](#)

Introduksjonsseminar for nye (og gamle) medlemmer vert gjort separat for kvart av dei to utvala.

Møteplan

Utdanningsdirektøren gjer framlegg om fylgjande møteplan for dei to utvala:

Møteplan LU/UU 2019/2020		
Møte	Læringsmiljøutvalet	Utdanningsutvalet
Fellesseminar, alt. 1	Ons 28.08.2019	Ons 28.08.2019
Introseminar	Tir 24.09.2019 (i forkant av møtet)	Ons 11.09.2019
Sep 2019	Tir 24.09.2019	Ons 25.09.2019
Nov 2019	Tir 12.11.2019	Ons 13.11.2019
Fellesseminar, alt. 2	Ons 04.12.2019	Ons 04.12.2019
Feb 2020	Tir 11.02.2020	Ons 12.02.2020
Mar 2020	Tir 24.03.2020	Ons 25.03.2020
Mai 2020	Tir 12.05.2020	Ons 13.05.2020

Utdanningsdirektøren si vurdering

Fellesseminar: Utvala har bede om at det vert halde eit årleg fellesseminar i byrjinga av kvart studieår. I 2018 vart fellesseminaret flytta til slutten av haustsemestret, grunna at tema var utvala i den nye organiseringa av universitetet, og at mykje var uavklara i byrjinga av haustsemestret. Det synte seg at plasseringa i slutten av haustsemestret hadde god verknad. Utdanningsdirektøren inviterer difor utvalet til å vurdere om plassering i slutten av haustsemestret kan gjerast til ei permanent ordning.

Introduksjonsseminar: Det vert arrangert eit introduksjonsseminar for nye (og gamle) medlemmer i starten av haustsemestret, før det fyrste møtet i utvala. Dette har tidlegare vore eit felles samla tiltak for dei to utvala, men etter innspel frå utvalsmedlemene vart det prøvd ut ei ordning med separate introduksjonar

for kvart av dei to utvala i fjor. Erfaringane var gode, slik at utdanningsdirektøren si vurdering er at ordninga med utvalsvise introduksjonsseminar vert gjort varig.

Program for fellesseminaret og dei to introduksjonsseminara vert lagt fram for utvala i mai.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

- a) Utvalet vedtek møteplan for studieåret 2019/2020 i samsvar med framlegget og dei justeringar utvalet fant naudsynte.
- b) Utvalet ber om at fellesseminaret vert lagt i slutten av haustsemestret som ei permanent ordning.
- c) Utvalet vedtek at møtet i mars 2020 berre vert avvikla i tilfelle der substansielle vedtakssakar er innmelde innan 1. mars 2020.

Stavanger, 08.01.2018

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef Johan Gard
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent i P360